



# ÅRSMELDING 2009



KYSTVERKET





GAMLE OKSØY





|         |                                 |
|---------|---------------------------------|
| Side 3  | Innhald                         |
| Side 4  | Kystverket                      |
| Side 5  | Kystverket sine oppgåver        |
| Side 6  | Organisasjon                    |
| Side 7  | Sjøtransport og hamner          |
| Side 9  | Sjøsikkerheit                   |
| Side 10 | Beredskap mot akutt forureining |
| Side 11 | Investeringar og rekneskap      |



## HOVUDKONTORET



**Kirsti Slotsvik**  
Kystdirektør



**Vigdis Trulssen Bye**  
Avdelingsdirektør  
Økonomi og administrasjon



**Arve Dimmen**  
Avdelingsdirektør  
Sjøsikkerhets-avdelinga



**Tormod Lunde**  
Avdelingsdirektør  
Juridisk avdeling



**Johan Marius Ly**  
Avdelingsdirektør  
Beredskapsavdeling (Horten)



**Ola Stenvaagnes**  
Avdelingsdirektør  
Kommunikasjons- og informasjonsavdeling



**Synnøve Lunde**  
Fung. einingsleiar  
Sjøtransport og hamner



**Lidvard Måseide**  
Einingsleiar  
IKT, kvalitet og utvikling



**Sven Martin Tønnessen**  
Dagleg leiar  
Kystverket Reiarlag

## REGIONKONTORA



**Sven Arild Hansen**  
Regiondirektør

### SØRAUST

Østfold, Akershus, Oslo, Buskerud, Vestfold, Telemark, Aust-Agder og Vest-Agder fylker  
Regionkontor: Arendal  
Kystlinje: 7906 km  
Kystverket Sørøst omfattar:  
47 kystkommunar  
55 statleg utbygde fiskerihamner  
27 kommunar med eige hamnedistrikt  
3 nasjonale hamner  
1 regionalhamn  
3 interkommunale hamnesamarbeid



**John Erik Hagen**  
Regiondirektør

### VEST

Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane fylker  
Regionkontor: Haugesund  
Kystlinje: 18 824 km  
Kystverket Vest omfattar:  
81 kystkommunar  
4 interkommunale hamnedistrikt  
250 statleg utbygde fiskerihamner  
13 kommunale hamnedistrikt  
20 større industrihamner.  
4 store hamneterminalar for utskipping av olje og gass  
3 nasjonalhamner  
6 oljeforsyningsbasar



**Harald Tronstad**  
Regiondirektør

### MIDT-NOREG

Møre og Romsdal, Sør-Trøndelag og Nord-Trøndelag fylker  
Regionkontor: Ålesund  
Kystlinje: 20 671 km  
Kystverket Midt-Noreg omfattar:  
70 kystkommunar  
182 statleg utbygde fiskerihamner  
38 kommunar med eige eller interkommunalt hamnedistrikt  
2 nasjonalhamner



**Fridtjof Wangsvik**  
Regiondirektør

### NORDLAND

Nordland fylke  
Regionkontor: Kabelvåg  
Kystlinje: 23 020 km  
Kystverket Nordland omfattar:  
42 kystkommunar  
142 statleg utbygde fiskerihamner  
14 kommunar med eige hamnedistrikt  
1 nasjonalhamn



**Frode Kjersem**  
Regiondirektør

### TROMS OG FINNMARK

Troms og Finnmark fylke  
Regionkontor: Honningsvåg  
Kystlinje: 12 861 km  
Kystverket Troms og Finnmark omfattar:  
41 kystkommunar  
225 statleg utbygde fiskerihamner  
12 kommunar med eige hamnedistrikt  
1 nasjonalhamn  
3 regionalhamner  
6 større industrihamner



# KYSTVERKET SINE OPPGÅVER

## MÅL OG VISJON

Kystverket er ein nasjonal etat for sjøsikkerheit, beredskap og sjøtransport. Kystverket tar ansvar for sjøvegen og arbeider for ein effektiv sjøtransport gjennom å ta vare på transportnæringa sitt behov for framkome og velfungerande hamner. Kystverket skal forebyggje og avgrense skadeeffektane ved akutt forureining og medverke til ei berekraftig utvikling av kystsona.

### **Kystverket sine mål:**

- Sikker seilas
- Reint miljø
- Frå veg til sjø
- Livskraftige kystsamfunn
- Kvalitet i alle ledd
- Alltid til stades

## ANSVARSROMRÅDE

Kystverket har ansvaret for:

- Fiskerihamner
- Farleier
- Navigasjonsinstallasjonar (fyr, lykter, stakar etc.)
- Lostenesta
- Sjøtrafikk kontroll
- Staten sin beredskap mot akutt forureining

Verksemda omfattar maritim sektor av nasjonal transportplan, samt myndigheits- og forvaltningsoppgåver i tilknytning til lover og regelverk for hamner, farleier og losplikt.

## VERDIGRUNNLAG

Den enkelte tilsette og leiar sin kompetanse når det gjeld etisk kvalitet på tenesteyting og myndeutøving, er ein føresetnad for at innbyggjarar og brukarar skal ha tillit til Kystverket. I Kystverket tek vi ansvaret for sjøvegen. Derfor er vi framtidretta, profesjonelle og serviceorienterte, vi viser respekt og har godt humør.





## ORGANISASJON

Kystverket vert leia av Kystdirektøren og er eit forvaltningsorgan under Fiskeri- og kystdepartementet. Kystverket sitt hovudkontor ligg i Ålesund, og hovudkontoret si beredskapsavdeling ligg i Horten.

Hovudkontoret er Kystverket sitt strategiske og rådgivande organ som får sine oppdrag frå Fiskeri- og kystdepartementet. Dei daglege operative oppgåvene blir utført av kystregionane og Kystverket sitt reiarlag.

Kystverket er inndelt i fem regionar

med egne regionkontor: KYV Sørøst i Arendal, KYV Vest i Haugesund, KYV Midt-Noreg i Ålesund, KYV Nordland i Kabelvåg og KYV Troms og Finnmark i Honningsvåg. Regionane har ansvar for Kystverket sine utøvande funksjonar innan forvaltnings- og myndigheitsområda, samt drift av tenester overfor brukarane.

Kystverket Reiarlag er ein intern entreprenør med sine 10 farty som på oppdrag frå regionane utfører nybygging, drift og vedlikehald av navigasjonsinstallasjonar

langs heile kysten. Kystverket forvaltar om lag 19 000 ulike installasjonar, i form av fyrstasjonar, lykter, lanterner, faste og flytande merker.

Kystverket sin organisasjon og styringsmodell er basert på desse verksemdsområda:

- Maritim infrastruktur
- Maritime tenester
- Transportplanlegging
- Kystforvaltning
- Beredskap mot akutt forureining
- Interne oppdrag (administrasjon)



# SJØTRANSPORT OG HAMNER

Oppdraget omfattar bygging, drift og vedlikehald av fiskerihamner, farleier og navigasjonsinnretningar, kystforvaltning og transportplanlegging. Satsing på utbygging og utbetring av maritim infrastruktur skal bidra til betre tryggleik, framkome og reduserte kostnader i samband med sjøtransport, og slik legge til rette for næringslivet i heile landet. Tiltak reduserer også faren for skipsulykker og bidreg på den måten til å bevare miljøet.

## Fiskerihamner

Staten legg til rette for distrikts- og næringsutvikling langs kysten, mellom anna ved å bygge fiskerihamner. Effektive og trygge fiskerihamner er ein viktig føresetnad for verdiskaping i fiskerieringa, og dermed også for busettinga langs kysten.

Kystverket planlegg og gjennomfører utdjupeing i innseglinga til og i fiskerihamner, molobygging for skjerming mot vind og bølger samt utbygging av grunnleggjande infrastruktur i fiskerihamner. Kystverket er ein av transportetatane og inngår i Nasjonal transportplan med rullerande 4-årsplanar. I 2009 avslutta ein planperioden 2006–2009 og ein har gjennomført planen. Det er fullført utbyggingar i Strand hamn og Hitra fiskerihamn i Sør-Trøndelag, Melbu og Værøy i Nordland, medan Havøysund i Finnmark blir ferdig i 2010. Samstundes er det gjort store reparasjonar på moloane Lista i Vest-Agder, Laukvik og Andenes i Nordland og Berlevåg og Vadsø i Finnmark.

Stortinget vedtok vinteren 2009 ei statleg tiltakspakke for å redusere verknaden av den internasjonale finanskrisa. Kystverket fekk mellom anna midlar til å sette i verk arbeid i Stamsund hamn, Nordmela hamn, Stø molo, utdjupeing i Honningsvåg hamn og bygging av moloar i Båtsfjord.

### Tilskot til fiskerihamnetiltak

Bygging av kaier og annan infrastruktur på landsida blir ofte utført med kommunen som byggherre. Kommunen kan i slike tilfeller søke Kystverket om økonomisk tilskot. Ved årsskiftet 2009/2010 er 37 anlegg, med fråsegn om i alt 66,3 millionar kroner, under planlegging eller utføring.

## Farleier

Farleiene utgjør ein sentral del av infrastrukturen for transport og er ein føresetnad for auka sjøtransport. Tilstrekkeleg djupne, breidde og rom for manøvrering er naudsynt for tilfredsstillande framkome og tryggleik.

I 4-årsperioden 2006–2009 har ein gjort utbetringar i Svelvikstrømmen, Drøbakundet, Brevikstrømmen, Gunhildvågen, Ulvan, Røyrasundet, Buholmråsa og Sandviksberget i tråd med føresetnaden i Nasjonal transportplan og Kystverket sitt Handlingsprogram.

## Kystforvaltning

Kystverket har forvaltningsmynde etter loslova, hamne- og farvasslova

og forureiningslova. Det vert kvart år handsama ei mengd saker som gjeld forvaltninga av kystsona. Hovudtyngda av saker etter hamne- og farvasslova består av søknader om tiltak i kystsona som bygging av kaier og moloar, utlegging av flytebrygger og etablering av oppdrett-sanlegg.

I 2009 har ein utarbeidd ei rekkje nye forskrifter i samband med at ei ny hamne- og farvasslov skulle trå i kraft frå 1.1.2010.

## Transportplanlegging

Oppdraget gjeld maritim sektor av Nasjonal transportplan. Det inneber overordna planlegging for utbygging, drift og vedlikehald av maritim infrastruktur for auka tryggleik og framkome til sjøs. Det skal takast omsyn til mål for miljø og livskraftige kystsamfunn i transportplanlegginga.

Kystverket har i 2009 følgd opp Nasjonal transportplan 2010–2019 og utarbeidd Kystverket sitt handlingsprogram for same periode. I tillegg har ein utarbeidd konseptvalutgreiing for Stad skipstunnel.

Etaten deltek også i arbeidet med EU sitt rammedirektiv for forvaltning av vatn og med utgreiing av areal eigna for vindmøller i norske havområder.











## SJØSIKKERHEIT

Oppdraget omfattar navigasjonsinnretningar, lostenesta, trafikkentraltenesta og elektroniske navigasjons og meldings-tenester. Verksemdsområdet skal bidra til høg tryggleik og god framkome i norske farvatn, og til vern av det marine miljøet.

### Navigasjonsinnretningar

Ein føresetnad for at transporten av passasjerar og gods i dei kystnære områda skal kunne skje på ein forsvarleg måte, er at farleiene er rett merka. Kystverket har ansvaret for at alle dei ulike navigasjonsinnretningane fungerer som dei skal. Ordinært vedlikehald og tilsyn er i hovudsak utført i samsvar med årsplanen for 2009.

Langs kysten er det 4 864 navigasjonsinnretningar med lys, fordelt på 106 fyrstasjonar, 2 092 fyrlykter, 1 983 lanterner og 683 HIB-ar. Desse innretningane skal gi lyssignal i samsvar med dei internasjonale tilrådingane til kvalitet. Målet er at det skal lyse i 99,8 prosent av tida. Resultatet i 2009 blei 99,65 prosent.

Navigasjonsinnretningane er delvis brukarfinansierte og delvis statleg finansierte, der brukarane finansierer 34 prosent gjennom kystgebyret. Farty over 500 bruttotonn (BT) i innan- og utanriksfart er pliktige til å betale kystgebyr.

### Elektroniske navigasjons-hjelpemiddel, meldings- og informasjonstenester

Det er ikkje registrert uhell eller ulykker som følgje av sviktande radionavigasjon i leier på kysten, eller sviktande eller mangelfull meldingsteneste i leier og kystfarvatn.

### Lostenesta

Lostenesta er operativ og tilgjengeleg 24 timar i døgnet heile året, og er eit viktig verkemiddel for å førebygge ulykker i dei kystnære områda.

Hovudregelen er at alle farty over 500 BT (bruttotonn) som segler langs kysten, eller til og frå ei norsk hamn, har plikt til å ta los ombord. Det kan gis unntak frå regelen om losplikt dersom det lospliktige fartyet har navigatør med tilstrekkeleg kompetanse og erfaring med segling i norske farvatn. Navigatøren kan då få segle på farleisbevis.

Fartya må betale gebyr for den tenesta som losen yter og kravet er at tenesta skal vere sjølvfinansierende.

I 2009 blei det utført 42 168 losoppdrag, mot 47 894 i 2008. Kvar los hadde i gjennomsnitt 149 oppdrag i 2009 mot 177 i 2008. Nedgangen må sjåast i samanheng med finanskrisa.

### Sjøtrafikksentralar som er gebyrfinansierte

Sjøtrafikksentraltenesta er tilgjengeleg heile døgnet, og vert ofte nemnt med kortnamnet VTS (Vessel Traffic Services). VTS er ei internasjonalt regulert teneste for å betre tryggleiken for sjøtrafikken, og for å beskytte det marine miljøet.

Det er etablert sjøtrafikksentralar i områda på kysten der skipstrafikken er stor eller der det blir transportert farleg og/eller forureinande last i stort omfang. Trafikken vert overvaka ved hjelp av radar, kamera og AIS (antikollisjonssystemet Automatic Identification System).

Det er fire trafikkentralar i Sør-Noreg: Oslofjorden (Horten), Grenland (Brevik), Rogalandsområdet (Kvitsøy) og for innseglingane til oljeterminalane på Sture og Mongstad (Fedje). Desse sjøtrafikksentralane ga seglingsklareringar til 254 665 farty i 2009 mot 251 138 i 2008.

I tiltakspakka for å avgrense verknadene av finanskrisa fekk Kystverket mellom anna ei ekstraløyving til å fornye det tekniske utstyret ved Fedje sjøtrafikksentral. Det blei også ekstraløyvingar til oppgradering av fyr og til utbetring av hamner.

Drifta av sjøtrafikksentralane i Sør-Noreg blir finansiert ved at brukarane betalar tryggleiksgebyr. Kravet er at tenesta skal vere sjølvfinansiert.

### Vardø sjøtrafikksentral – ikkje gebyrfinansiert

Auka utskipping av råolje frå Nordvest-Russland aukar også risikoen for akutt forureining i dei sårbare havområda i nord. Sjøtrafikksentralen i Vardø skal overvake trafikken i dette viktige området.

Noreg har gjennom FN sin sjøfartsorganisasjon IMO fått etablert korridorar på strekninga Grense Jacobselv til Røst som fartya skal følge. Føremålet er å skilje trafikken som går i den eine retninga frå trafikken i motsett retning, for å redusere faren for uønska hendingar. Samstundes bidreg korridorane til å flytte trafikken lengre bort frå kysten. Vardø VTS overvakar mellom anna at fartya nyttar desse korridorane.



# BEREDSKAP MOT AKUTT FORUREINING

Kystverket har ansvaret for drift og utvikling av den statlege beredskapen mot akutt forureining. Staten, ved Kystverket, har eit overordna ansvar for å ha naudsynt kompetanse og utstyr til å avgrense verknaden av akutt forureining. Kystverket arbeider for å førebygge og identifisere faren for akutt forureining, samt å sjå til at ansvarleg forureinar eller kommune set i verk naudsynlege tiltak når akutt forureining inntreffer.

Ved all fare for akutt forureining har ein plikt til å underrette Kystverket. Etaten har ei døgnkontinuerleg vaktordning som handsamar slike innrapporteringar. I 2009 mottok vi 1 302 slike meldingar. I 382 tilfeller var det uønska utslipp. Av meldingane var 500 knytt til verksemd på sjøen.

I utgangspunktet er det forureinaren eller den enkelte kommune som har ansvaret for å sørge for opprydding etter akutt forureining, eventuelt med hjelp frå staten ved Kystverket. Ved større hendingar kan Kystverket bestemme at den skadeavgrensande aksjonen skal skje i statleg regi. I slike tilfelle vil kommunane bidra i den praktiske delen av aksjonen.

Det har i 2009 vore gjennomført ein større aksjon knytt til fartyet MS "Full City", som grunnstøytte utanfor Langesund i Telemark.

Arbeidet med å fjerne vraket av den russiske kryssaren MS "Murmansk" kom i gang i 2009 og vil etter planen bli fullført i 2010.

Kystverket har leigd inn farty til ein slepeberedskap utanfor kysten av Troms og Finnmark, som skal kunne nyttast om farty kjem i drift og representerar ei fare for akutt forureining. Ein slepeberedskap for Sørlandet blei iverksett frå byrjinga av november 2009. Kvar desse fartya til ei kvar tid er, blir styrt av Vardø sjøtrafikk-sentral.







Foto: Olav Helge Matvik

## INVESTERINGAR

Etter kontantprinsippet blei det investert i varige driftsmidler for i alt 138,7 mill. kroner i 2009. Dei største investeringane gjeld oljevernustyr som er lagra i depot langs kysten, eit nytt farty til drift og vedlikehald av navigasjonsinnretningane og to nye losfarty.

### Rekneskap for Kystverket 2009

Under er ei oversikt over dei økonomiske tala for Kystverket i 2009. Kystverket får sine løyvingar frå Stortinget. Staten nyttar kontantprinsippet ved budsjettering og rekneskapsføring. Det blir også nytta eit bruttoprinsipp slik at alle utgifter er ført som utgift og alle inntekter er ført som inntekt. Derfor viser

rekneskapen eit meirforbruk på post 01 på utgiftssida på vel 118,0 mill. kroner. Når ein korrigerer for at Kystverket har fullmakt til å nytte meirinntekter på inntektspostane 01 og 02 til å dekke auka utgifter, og tek omsyn til refusjonane, vert resultatet på post 01 på utgiftssida ei mindreutgift på 31 mill. kroner. Kystverket sitt økonomiske resultat for 2009 er tilfredsstillande.

#### Kap. 1062 – Utgifter

(Alle tal i 1 000 kroner)

| Post (B-R) | Namn                           | Løyving (B)      | Rekneskap (R)    | Avvik          |
|------------|--------------------------------|------------------|------------------|----------------|
| 01         | Driftsutgifter                 | 1 123 130        | 1 241 513        | (118 383)      |
| 21         | Spesielle driftsutgifter       | 295 670          | 252 047          | 43 623         |
| 30         | Maritim infrastruktur          | 490 353          | 373 014          | 117 339        |
| 45         | Større innkjøp av utstyr       | 214 943          | 138 721          | 76 222         |
| 46         | Trafikksentral Nord-Noreg      | 16 211           | 18 216           | (2 005)        |
| 60         | Tilskot til fiskerihamneanlegg | 71 929           | 33 462           | 38 467         |
| 70         | Tilskot til Redningsselskapet  | 41 000           | 41 000           | 0              |
|            | <b>SUM UTGIFTER</b>            | <b>2 253 236</b> | <b>2 097 973</b> | <b>155 263</b> |

#### Kap. 4062 – Inntekter

(Alle tal i 1 000 kroner)

| Post (B-R)     | Namn                 | Løyving (B)    | Rekneskap (R)  | Avvik            |
|----------------|----------------------|----------------|----------------|------------------|
| 01             | Gebyrinntekter       | 654 765        | 791 060        | (136 295)        |
| 02             | Andre inntekter      | 12 170         | 13 646         | (1 476)          |
| 15, 16, 17, 18 | Refusjonar           |                | 11 810         | (11 810)         |
|                | <b>SUM INNTEKTER</b> | <b>666 935</b> | <b>816 516</b> | <b>(149 581)</b> |





**KYSTVERKET**

[post@kystverket.no](mailto:post@kystverket.no)

Tlf.: 07847

[www.kystverket.no](http://www.kystverket.no)